



Arkivnr: 2014/2-20

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		13.03.2014

## Endring i studentreglement etter ny forskrift

### Samandrag

NOKUT vedtok 12.12.2013 ny forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskoleutdanning (fagskuletilsynsforskrifta). Ei presisering i forskrifta gjer det naudsynt med ei endring i samansetninga av fagskulestyret si klagenemnd. Forskrifta seier at minst éin student skal vere medlem i klageinstansen til fagskulestyret.

### Forslag til vedtak

1. Hordaland fagskulestyre vedtek endring i reglementet for Fagskolane i Hordaland om samansetning av klagenemnd.
2. Dei som vert valt som studentrepresentant og vara for studentrepresentant ved fagskulestyret er medlem i klagenemnda til fagskulestyret.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

### Vedlegg

1 Reglement for Fagskolane i Hordaland

## Fylkesrådmannen, 19.02.2014

NOKUT vedtok 12.12.2013 ny *forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskoleutdanning* (fagskuletilsynsforskrifta). Ei presisering i forskrifta gjer det naudsynt med ei endring i samansetninga av fagskulestyret si klagenemnd. Endringa er på grunn av punkt g i tekstdraget frå forskrifta under.

### **Kapittel 3. Krav for godkjenning av fagskoleutdanning**

#### **§ 3-1. Grunnleggende forutsetninger for å tilby fagskoleutdanning**

(1) Krav i fagskoleloven med forskrifter skal være oppfylt. NOKUT vurderer følgende krav:

- a) *Grunnlag for opptak. Grunnlaget for opptak skal være relevante kvalifikasjoner på nivå 4 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring. Søkere har krav på å få vurdert om de er kvalifisert for opptak til en utdanning på grunnlag av realkompetanse.*
- b) *System for kvalitetssikring.*
- c) *Organisasjon og ledelse. Det er tilbyders styre som er ansvarlig for utdanningen.*
- d) *Studentenes læringsmiljø og rettigheter.*
- e) *Vitnemål.*
- f) *Reglement. Reglementet skal fastsette studentenes rettigheter og plikter, og være utformet slik at det sikrer lik og upartisk behandling.*
- g) *Klageinstans. Styret selv fastsetter regler for klagebehandling. Minst én student skal være medlem i klageinstansen.*

(2) *Tilbyder skal samarbeide med aktører i yrkesfeltet og delta i faglige nettverk som sikrer at utdanningens læringsutbytte er relevant for yrkesfeltet.*

(3) *Utdanninger som reguleres av nasjonale eller internasjonale standarder, konvensjoner og avtaler skal tilfredsstille kravene i disse.*

(4) *For utdanninger med praksis skal det foreligge avtaler som regulerer vesentlige forhold av betydning for studentene.*

(5) *Utdanningen skal ha et omfang av 30, 60, 90 eller 120 fagskolepoeng.*

(6) *Det totale antall arbeidstimer for studentene skal normalt være mellom 1500–1800 timer per år.*

Studentreglementet for Fagskolane i Hordaland har følgjande tekst om klagenemnda til Hordaland fagskulestyre:

#### **G. Klage og klagehandsaming**

##### **§ 21. Klageinstans**

*Ved klage på karakterfastsettjing vert det gjeve ny sensur eller gjeve ny vurdering. Ved klage på formelle feil ved eksamen eller sanksjonar vert det oppretta ei klagenemnd av Hordaland fagskulestyre. Klagenemnda består av tre personar frå fagmiljøa ved fagskulane. Mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til Forvaltningslova.*

*Klagen skal vere sendt/levert til fagskulen seinast 3 veker etter at vedtaket er gjort kjent for studenten, eller denne har hatt rimeleg høve til å gjøre seg kjent med vedtaket. Studenten skal få svar på klagen seinast innan ein månad. Dersom klagehandsaminga tek lengre tid, skal klagar underrettast om dette skriftleg. Klagen skal vere skriftleg og sendast til fagskulen sitt post-mottak (e-post eller brev).*

For å imøtekome fagskuletilsynsforskrifta foreslår administrasjonen følgjande endring i reglementet (endringa er markert):

#### **G. Klage og klagehandsaming**

##### **§ 21. Klageinstans**

*Ved klage på karakterfastsetjing vert det gjeve ny sensur eller gjeve ny vurdering. Ved klage på formelle feil ved eksamen eller sanksjonar vert det oppretta ei klagenemnd av Hordaland fagskulestyre. Klagenemnda består av minimum to personar frå fagmiljøa ved fagskulane og ein student. Mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til Forvaltningslova.*

*Klagen skal vere sendt/levert til fagskulen seinast 3 veker etter at vedtaket er gjort kjent for studenten, eller denne har hatt rimeleg høve til å gjere seg kjent med vedtaket. Studenten skal få svar på klagen seinast innan ein månad. Dersom klagehandsaminga tek lengre tid, skal klagar underrettast om dette skriftleg. Klagen skal vere skriftleg og sendast til fagskulen sitt post-mottak (e-post eller brev).*

Administrasjonen vil vidare tilrå at studentrepresentanten i fagskulestyret er fast medlem i klagenemnda, og at vara for studentrepresentanten også er vara for studenten i klagenemnda.